# Barnas Hjør



## Fin fotballplass — i fjøre sjø.

Som so mange stader ute på øyane har smågutane på Ulla ein fin-fin leikeplass når det er fjøre sjø. Sanden ligg hard og slett, so sjølv om ein sparkar fotball på han, held han seg ganske fin likevel. — Men med ein vanleg fotball vilde det nok likevel verte altfor lett å sparke han på sjøen, og difor høver det svært godt nett det som desse gutane bruker — ei gummiblåse som ikkje sprett so altfor langt i kvart spark, men likevel ikkje er for tung i seg sjølv. Som du ser på bilete, so er det reint som dei gneistrar av energi, desse Ulla-gutane.